


Vossakonferansen oktober 2011



Rapport nr:
Dato: 3. desember 2011
Utarbeida av: Cecilie Ukvitne og Yngve Tranøy



INNHOLDSFORTEGNELSE

	<u>Side</u>
1. INNLEIING	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Formål og omfang	1
2. DOKUMENTASJON AV MØTET	2
3. SAMANSTILLING AV HOVUDRESULTAT FRÅ ARBEIDSGRUPPENE	3
3.1 Generelt	3
3.2 Sentrumsutvikling	3
3.3 Parkering/tilgjengelighet i og rundt sentrum	4
3.4 Reiseliv	4
3.5 Auka tilflytting	5
3.6 Gjennomføring av arrangement/festivalar	5
4. VIDARE ARBEID MED VOSSAKONFERANSEN	6
4.1 Generelt	6
4.2 Tilbakemeldingar etter konferansen	6

Vedlegg A: Referat frå varehandel / servering

Vedlegg B: Referat frå reiseliv

Vedlegg C: Referat frå helse og sikkerheit

Vedlegg D: Referat frå transport

Vedlegg E: Referat frå frivillig / dugnad

Vedlegg F: Program for Vossakonferansen oktober 2011

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn

I samband med opninga av det nye kulturhuset på Voss, arrangerte Sparebank 1 Vossakonferansen 10. februar 2011. Temaet for denne konferansen var handel no, før og i framtida. Like etter, 19. februar 2011, arrangerte Voss Energi ein Ide Camp i samarbeid med Destinasjon Voss, Vossameny, Festival Voss og Voss Kommune. Formålet med Ide camp 2011 var at Voss skal verta endå betre på Næringsutvikling. Etter nokre innleiande føredrag av lokale næringsutviklarar var deltakarane her delt inn i høvelege grupper som skulle utvikle tiltak og prosessar som skulle stimulere til at Voss vert endå betre på næringsutvikling.

Begge desse konferansane som var ein del av opninga av kulturhuset, vart ein suksess. Før februarkonferansane var det likevel foreslått å arrangere ein konferanse i fellesskap med element frå begge konferansane neste gong.

Med bakgrunn i dette inviterte Voss Kommune, Voss Parkering, Voss Energi og Sparebank 1 SR bank til ny Vossakonferanse 25. oktober 2011. Temaet for denne konferansen var; "Alle på Voss er vertskap – er me kremmarar nok?"

1.2 Formål og omfang

Formål med Vossakonferansen var at voss skal verta endå betre på arrangement og næringsutvikling. Vossakonferansen skal vera ein arena kor ulike sektorar, interesser og grupperingar møtest for å få inspirasjon samt bidra til utvikling til felles beste for alle på Voss. Målsetjinga med grupperarbeid er å identifisera realistiske og konkrete tiltak som kan auka verdiskapinga i samband med ulike arrangement i bygda. I tillegg var det eit viktig delmål at folk skal læra meir gjennom diskusjonane og at folk med felles interesser skal verta betre kjend – nettverksbygging i praksis.

Denne rapporten dokumenterer resultatata frå Vossakonferansen oktober 2011.

2. DOKUMENTASJON AV MØTET

Vossakonferansen oktober 2011 vart planlagt og gjennomført i samarbeid mellom Voss kommune, SpareBank 1 SR-bank, Voss Energi AS og Voss Parkering. Anne Grete Bakke frå Destinasjon Voss (DV) var konferansier.

Programmet for dagen var todelt. Første økt starta med aktuelle foredrag, der også fire av dei største festivalane / arrangementa presenterte sine forventningar til kommunen og næringslivet, sjå elles programmet i vedlegg F for detaljar. Foredragshaldarane var særst flinke til å informere og inspirere tilhøyrarane. Dette la eit godt grunnlag for gruppearbeidet som starta etter lunch.

Andre økt vart innleia med at Voss Energi presenterte status etter Ide Camp 18. februar 2011, og konkluderte med at det har skjedd svært mykje på denne korte tida. Nokre prosessar tek lengre tid, men Voss Energi har tru på at slike konferansar og ide dagnadar har god effekt for å sikre vidare utvikling og samarbeid til felles beste for alle på Voss. Etter denne oppsummeringa samla deltakarane seg i temagrupper basert på frivillig påmelding:

- | | |
|-----------------------------|-------------------------------|
| A. Varehandel/Servering | (Møteleiar Anne Marie Opheim) |
| B. Reiseliv | (Møteleiar Anne Grete Bakke) |
| C. Helse/Sanitet/sikkerheit | (Møteleiar Reidar Berge) |
| D. Transport | (Møteleiar Olav Lydvo) |
| E. Frivillig/dugnad | (Møteleiar Trude Storheim) |

Gruppene skulle utvikle tiltak og prosessar som kan stimulere til at Voss vert endå betre på arrangement. Kvar gruppe hadde ein møteleiar som vist over samt ein sekretær frå Voss Energi.

På slutten av dagen fekk kvar gruppe ca 10 minutt til å presentere kva dei hadde kome fram til i løpet av dagen. Sekretæren for kvar gruppe leverte sine møtereferat til Voss Energi som underlag til denne rapporten.

Gruppene kom også fram til at det skjer mykje positivt på Voss og at Voss har eit fantastisk utgangspunkt for vidare utvikling innan arrangement og næringsliv generelt. Gruppene fokuserte likevel på utfordringane som må løysast for at Voss skal verta endå betre på arrangement og næringsutvikling.

3.SAMANSTILLING AV HOVUDRESULTAT FRÅ ARBEIDSGRUPPENE

3.1 Generelt

Dette kapittelet gjev ei oppsummering av hovudresultata frå Vossakonferansen oktober 2011. Svara er forsøkt organisert i ulike temagrupper som vist i overskriftene. Mange innspel var samanfallande sjølv om gruppene hadde ulik innfallsvinkel til utfordringane. Mange innspel er også samanfallande med innspel etter Ide Campen 18. februar 2011. Innspela frå begge desse konferansane bør difor nyttast som underlag for ulike arbeidsgrupper fram mot neste konferanse. Svara frå gruppene er redigert og summert med utfyllande kommentar for å gjere resultatet mest mogeleg oversiktig og lesarvennleg. Teksten tek utgangspunkt i dei ulike møtereferata som er gitt i vedlegg A til E.

3.2 Sentrumsutvikling

- Det var fleire som meinte det burde utviklast eit betre samarbeid mellom sentrum og Amfi senteret til felles beste for alle partar. Eit døme som var framlagt var at desse to grupperingane bør vurdera mogelegheitene for å samarbeide om felles marknadsføring av Voss som handelsstad for utanbygds kundar, framfor å nytte mykje ressursar på innbyrdes konkurranse om kundar lokalt.
- Det kom fram forslag om å etablere ei sentrumsgruppe kor mellom anna kommunen, Destinasjon Voss og handelsstanden deltek. Denne gruppa bør mellom anna evaluere og vurdere tiltak i samband med synleggjering, opningstider, felles vintergate, aktivitetar, sikra god gjennomføring av festivalar og arrangement samt etablere ein plan for skilting i og rundt Vangen. Sentrumsgruppa bør ta sin del av kostnadene for å skapa aktivitet i sentrum i samarbeid med dei ulike arrangementa. Sentrumsgruppa bør også verta meir aktive i prosjektet "kle bygda til fest".
- Det må utarbeidast ein strategi for korleis sentrum og kommunen skal møte utfordringane i samband med "Bro – Bom – Tunell". Det bør arbeidast aktivt for å auke frist for å sleppe ekstra bompengavgift mellom Bolstad og Svelgane. Per i dag er det lagt opp slik at potensielle kundar slepp ekstra bompengar om ein køyrer rett gjennom kommunen utan stopp. Det bør lagast ein samla skiltplan for heile kommunen for å sikra at turistane finn fram til sentrum etter at ny tunell og bru vert opna:
 - Fanga interessa for Voss før ein køyrer inn i tunnelen
 - Skilting vert viktig – skilting med "Vossavri"
 - Noko som lokkar til å ta av, gjera noko med parkering
 - Utsmykking før avkøyring, gjerne i fleire omgangar for å vekka interessa (kva vert neste skilt?)
 - Skilt som dekorkunst og utsmykking
 - Tips om parkering
 - Midlertidig skilting i samband med arrangement

3.3 Parkering / tilgjengelighet i og rundt sentrum

- Fleire meinte at parkeringsavgifta burde fjernast i samband med enkelte arrangement. Her kom det tips om at parkeringsselskapet heller kunne utstede morosame åtvaringar til fortvilte tilreisande som hadde feilparkert i mangel på nok lovlege parkeringsplassar under store arrangement.
- Mogelegheiten og kostnadene med å mjuka opp parkeringsreglane for å gjera sentrum meir turisttvennleg bør utgreiast. Det vart hevda at turistane ikkje er villige til å betale ei relativt dyr parkeringsavgift for å ta seg ein kaffistopp på Voss. Mogeleg løysing kan vera 30 minutt gratis parkering før betaling trer i kraft eventuelt leggje til rette for gratis turistparkering.
- Moglegskapen for å få etablert parkering utanfor sentrum bør utgreiast.
- Planar for parkeringshus bør fylgjast opp / utgreiast.
- Kommune, handelsstanden og festivalarrangør bør evaluere mogelegheitene for å etablere gratisbuss mellom festivalområde og sentrum.
- Det er ynskjeleg med ein kommunal kontaktperson for transportspørsmål.

3.4 Reiseliv

- Voss Kommune og Destinasjon Voss bør samarbeide om eit felles turistkontor på Voss. Det er mange si oppfatning at eit slikt kontor bør driftast av Destinasjon Voss. Eit slikt samarbeid vil truleg gje ei betre teneste for Voss sine turistkundar gjennom auka ressurstilgang og felles front ut mot alle kundar.
- Arrangere vertskapsrollekurs for alle verksemder på Voss.
- Være aktiv i prosjektet "kle bygda til fest" samt sikre felles skilting av Voss sentrum og Amfi senteret i samband med omlegging av veg mm. Handelsstanden vert oppfordra til å ta sin del av kostnadene i samband med skilting.
- Reiselivsnæringa bør evaluere mogelegheitene for at Voss kan utvikle seg til å verta helse- og velværebygd nr 1 i Noreg.
- Det bør arbeidast vidare for at Voss skal verta ein formell "turistkommune".
- DV bør bli flinkare til å marknadsføre kva dei får utført. Dette gjeld også haldningsskapande arbeid / informasjon som synleggjer at ein del fyrtårnverksemder som vert nytta i marknadsføringa skaper aktivitet og inntening for mange partar.

3.5 Auka tilflytting

Breidde i tilbudet innan service, infrastruktur, idrett mm heng ofte saman med innbyggjartalet i ulike kommunar. Før å kunne auke servicetilbodet lokalt bør ein også auke innbyggjartalet. Det er framlagt som uklart om kommunen har ei målsetjing i samband med auka tilflytting:

- Voss manglar eit felles mål / vekstmål
- Arbeidsledigheten på Voss er 1,5 %. Ein bør tenkja meir samhandling på rekruttering t.d. gjennom ei felles rekrutteringsmesse eller næringslivsdag. NAV kan være med å drive fram dette.
- Ynskjer kommunen å bli «turistkommune»?
- Ein bør satse på å få fleire høgskuleplassar til Voss.
- Det bør utviklast ein velkomstpakke til tilflyttarar (: all praktisk info om å koma til / leva på Voss)
- Kommunen må aktivt tilrettelegga for bustadbygging.
- Tilrettelegging for næringsstomter (er i gang, men må seljast!)
- Hurtigare byråkrati er ynskjeleg.

3.6 Gjennomføring av arrangement / festivalar

- Kommunen bør samarbeide med festivalarrangørane om å utvikle ein verktøykasse til arrangørar som sikrar betre gjennomføring (praktisk gjennomføring, kommunale krav, regelverk, HMS-arbeid, kontaktpersonar mm).
- Arrangørar må verta betre på informasjon til handelsstand og serveringsverksemder om ynskje for opningstider osb. , slik at alle kjem tidsnok på banen.
- Alle arrangement bør meldas inn til helseavdelinga i kommunen i god tid slik at helsetilbodet kan dimensjoneras i høve til storleik på arrangementet.
- Representantar for Voss Sentrum eller sentrumsutviklingsgruppa må inn i arrangementskomiteane.
- Det må utarbeidast ein årsplan for aktivitetane på Voss (via DV).
- Evaluere mogelegheitene for ein felles dugnadspool , for eksempel «Vossakorpset».
- Systematisera fellestenester knytt til gjennomføring (sponsorarbeid, utstyrs pool).
- Arrangera frivillighelg for dugnadsgjengen.
- Evaluere om kommunen kan bidra som aktiv part i samband med å skaffe tilfredstillande overnattingskapasitet i samband med arrangement (t.d. Bømoen)

4. VIDARE ARBEID MED VOSSAKONFERANSEN

4.1 Generelt

Arbeidsgruppa for Vossakonferansen vil presentera hovudkonklusjonane for rådmann og ordførar i møte 23. november 2011. Referata og konklusjonane blir publisert på www.vossenergi.no.

Alle på Voss vil vera eigarar av dokumentet, men eit klart mandat er vanskeleg å tildela nokon spesiell. I tillegg til kommunen reknar me Destinasjon Voss og den nye sentrumsgruppa som viktige aktørar og pådrivarar for å få tiltaka vurdert og eventuelt iverksett.

Vidare vil det etablerte kontaktforumet mellom kommunen og næringslivet halda liv i konklusjonane/utfordringane – både frå Ide camp og frå denne Vossakonferansen.

Vossakonferansen skal verta ei årlig konferanse og felles arena for kommune, næringsliv og handelsstand på Voss. Gruppearbeid kan vera ein metode for å få identifisert moglegheiter og utfordringar på konferansar også i framtida.

4.2 Tilbakemeldingar etter konferansen

- Evaluering frå møteleiarar og føredragshaldarar spriker litt.
- Nokre meiner 1 time til gruppearbeid var nok, andre meinte det var litt kort.
- Det er semje om at konferansen fungerer godt som eit møtepunkt mellom kommune, næringsliv og handelsstand. Nokre vil ha lengre konferanse med middag og samling i baren etterpå, andre er nøgd med at konferansen held seg innanfor ordinær arbeidstid.
- Det vart kommentert at oppfølging av konferansen er svært viktig, men at fokus framover må vera kva innspel/idear som skal vidare og kven skal vera ansvarleg for å fylgje opp? Det var og kommentert at motivasjonsforedraga var for like, og at det var nok med eitt.
- Innkomne evalueringsskjema gir konferansen total karakter 5,23 (på ein skala frå 1-6, der 6 er best), og det er arrangørstaben nøgde med.